

Det kongelige finansdepartementet  
Postboks 8008, Dep.  
0030 OSLO

Dykkar ref.:

Vår ref.: 14/3212-4

Arkiv: K1-203

Dato: 27.02.2015

**HØYRING - OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVJINGA FRÅ KOMMUNANE  
TIL SKATTEETATEN**

Vi syner til brev dagsett 1. desember 2014 og legg ved saksutgreiinga vedr. ovannemnde sak der kommunen si høyringsuttale går fram.

Med helsing  
Hjartdal kommune  
Helge Granlund  
Økonomisjef

# Hjartdal kommune

Styre, råd, utval	Møtedato	Saknummer	Sakshandsamar
Formannskapet	19.01.2015	005/15	HG

Saksansvarleg: Helge Granlund	Arkiv: K1-203	Arkivnr.: 14/3212
-------------------------------	---------------	-------------------

## HØYRING - OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVINGEN TIL SKATTEETATEN

### Dokument i saka:

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	04.12.2014	Det kgl. finansdepartement	OVERFØRING AV SKATTEOPPKREVINGEN TIL SKATTEETATEN- HØRING
3	I	15.01.2015	KS	HØYRINGSUTTALE FRÅ KS - STATLEGGJERING AV SKATTEINNKREVING- FORSLAG

### Vedlagde dokument:

Ingen

### Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

Lov om betaling og innkreving av skattekrav (skattebetalingslova) av 17.6.2005

### Saksgang:

Formannskapet vedtek

### Bakgrunn for saka:

Regjeringa har foreslått å overføre skatteoppkrevjinga frå kommunane til Skatteetaten. I brev av 4.12.2014 vart forslaget sendt ut på høyring – med høyringsfrist 2.3.2015. Grunngevinga frå regjeringa er avbyråkratisering og effektivisering (reduksjon i talet på årsverk). Regjeringa forventar å spare om lag 400 -500 årsverk og over tid ein innsparing på ca. kr. 370 mill pr. år.

## **Vurdering:**

### Generelt:

Skatteinnkrevjinga i Noreg er i dag sær effektiv med ein løysingsgrad på 99,7% som eit gjennomsnitt på ulike skatteartar (Hjartdal ligg her svært godt an). Ein skal ikkje utelukke at ei overføring av innkrevjinga til Skatteetaten òg kan gi gode resultat. Etter rådmannen sitt syn finst det argument både mot og for ei slik endring.

### Argument for endring:

- a) Enklare styring og effektivisering ved at ressursar og aktivitetar kan samordnas. Økt standardisering ved at det blir langt færre einingar.
- b) Reduserer variasjon i innsats og resultat ved at einingane blir større.
- c) Mogelegheiter for økt spesialisering/kompetanseheving
- d) Stordriftsfordelar
- e) Variasjon i ressursar og resultat
- f) Utfordringar med inhabilitet ved små kontor

### Argument mot endring:

- a) Høg løysningsgrad (99,7%) Det skal til ein svært liten reduksjon i løysingsgraden før reduksjonen i talet på årsverk blir spist opp av redusert løysingsgrad (eit fall på ca. 0,1%). Det er sannsynleg at god lokalkunnskap er ei av årsakene til den høge løysningsgraden. Samanliknar ei løysningsgraden på innkrevjing av meirverdiavgift som krevjast inn av Skatteetaten, er denne på 99,4%. Når det gjeld løysningsgraden for arbeidsgjevaravgift som krevjast inn av Skatteoppkrevjaren, er denne på 99,8% (i Hjartdal 99,96%) dvs. på landsbasis, 0,4% høgare. I kroner utgjer denne differansen svært store beløp.
- b) Stor nærleik og god brukarservice ved ein desentralisert innkrevjing.
- c) Interkommunalt samarbeid er allereie etablert ein rekkje stader i landet. I Kongsbergregionen er det t.d. etablert eit prosjekt som skal sjå på samarbeid på bl.a. økonomifunksjonar der samarbeid om skatteoppkrevjarfunksjonen er ei av oppgåvene som vil bli vurdert.
- d) Kommunereformprosessen. Det er sett i verk ein omfattande kommunereformprosess som det er naturleg å forvente at vil påverke organiseringa av skatteoppkrevjarfunksjonen.
- e) Styrkar det faglege nivået i kommunen, ikkje minst når det gjeld innkrevjing av kommunale krav.
- f) God distriktpolitikk ved at arbeidsplassar blir oppretthalde i distrikta

### Konklusjon

I sum er rådmannen av den meining at argumenta for å behalde dagens ordning med kommunal innkrevjing veg tyngre enn argumenta for overføring av oppgåva til Skatteetaten. Hovudargumenta for dette er; ein bør avvete resultatet av kommunereformprosessen, dagens sær gode resultat og ønskje om å behalde lokal kompetanse i kommunane.

### **RÅDMANNEN TILRÅR:**

At følgjande høyringsuttale blir gitt:

Hjartdal kommune meiner at dagens ordning bør oppretthaldast med følgjande argument:

- a) Det er naturleg å avvente resultatet av kommunereformprosessen. Rådmannen forventar at det som eit resultat av denne, vil bli færre og større kontor som vil styrkje og jamne den faglege kompetansen mellom kontora.
- b) Den svært høge løysingsgraden. Ved ei endring ligg risikoen i første rekkje på ein reduksjon og ikkje det motsette da ein allereie er nær 100% løysningsgrad.
- c) Lokal kompetanse. Dagens ordning styrker den faglege kompetansen i kommunane som kjem andre oppgåver i kommunane til gode.

## **19.01.2015 Formannskapet**

### **Handsaming:**

#### **VOTERING:**

Rådmannen si tilråding blei samrøystes vedteke.

#### **FOR-005/15 VEDTAK:**

At følgjande høyringsuttale blir gitt:

Hjartdal kommune meiner at dagens ordning bør oppretthaldast med følgjande argument:

- a) Det er naturleg å avvente resultatet av kommunereformprosessen. Rådmannen forventar at det som eit resultat av denne, vil bli færre og større kontor som vil styrkje og jamne den faglege kompetansen mellom kontora.
- b) Den svært høge løysingsgraden. Ved ei endring ligg risikoen i første rekkje på ein reduksjon og ikkje det motsette da ein allereie er nær 100% løysningsgrad.
- c) Lokal kompetanse. Dagens ordning styrker den faglege kompetansen i kommunane som kjem andre oppgåver i kommunane til gode.